

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Møre & R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Stordal

Emne: Nøgtidsmat ved fameliefestar Bygdelag:

Oppskr. av: Peger O, Stavdal

Gard: Ståddal

(adresse): Stordal

G.nr. 88 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Fødselen

Nabokonore og nære slektninger bar "sengjammat" til ei "barselkjerring". Sengjamaten var eit fat med mjølme-graut og påsmurde snikaløvse. Grautfatet og løvsne vart påkka i gåvekorga. Og so var det ei treliter-spann med søt mjølk. Mjøl vart av eldre folk ogso gjenne kalla sul, eller suul).

Som regel var det husmora som bar fram sengjamaten, men det kunne vel hende at vaksne dotre eller tenstausa kunne bera fram gåva.

Kararne var ikkje med.

Traktering for dei besøkjande var det visst ikkje. Men etterpå at barnet er døypt i kyrkja, held foreldra eit lite lag for dei næraste. Dette er kalla "barsøl" (eit).

Skikken med og bera sengjamat er i bruk endå. Men det kan nok vera at gjeng meir på bløtkake og kondititterkake no.

Fødselsdag.

Fødselsdag kallast ogso "gibusdag". Spesiell fest denne dagen var ikkje almindeleg. Derimot og gjeva born "gibusgåve" var ofte brukt.

I dei siste 10 til 20 år forekjem oftare gibus-selskap med tratering av bløtkake.

Konfirmasjon.

I den første tid eg minnest, ca. 1908 var det ikkje noko selskap i høve konfirmasjonen. Derimot i dei siste 20 år er det blitt nokso almindeleg. Det er gjerne lærar og prest og so næraste slekt som vert bedne i dette selskap. Ei Konfirmasjonsgåva til den ny-konfirmerte høyrer då gjerne med.

Brullaup.

Eit par månad før bryllaupet vart gjene halde eit lite lag av dei næraste til brudepatret. Dette lag var kalla "omtalsøl". Det var foreldra til bruda som var

vert. Maten var vanleg gjestebodsmat. Dette er det no helst slutt med.

Eit bryllaup (det vert sagt "brylljap") varde i førstninga av hunder talet i 2 dagar. Sundag og måndag. Og det var tre hovedmåltid. Memorgå, middag og so kveldsmat.

Gjesterne fekk kakemat før dei reiste til kyrkje. Attkomme derifrå var det middagsmat, som gjerne var "sødd" (kjøtsupe) Til kvelds var det kake og kaffi eller mjølk.

Andre dag var det kake og kaffi morgonen. Rjømegrout til middags og kakemat til kvelds.

Dei næraste slektnigar bar gåvor til brylljaps-garden. det kunne vera brudakake søst i eit fat og løfse. Dette var påkka i ei "gåvekorg" Mjolk og rjømme var det næsten plikt for heile grannelaget og senda til brylljaps-garden.

Brylljapvaret no berre ein dag. Og det vertofte ha halde på hotel. Fest på brylljasdagen er ikkje nokomalmindeleg.

Gravøl.

Kvar grend hadde sitt faste gravølslag. Til dette gravøls-laget hørde Stavidal, Talberg, Støle, Lianes, og Nakken. Gardane framanfor Lianes var eit lag Jasvoll og Jasvolsæter var eit. Og so vart sjølsagt neraste slekta bedne til gravølet.

Gravøls-gjesterne fekk først middagsmat. Det var entenn rjømegrout eller "pylse". Pylse var kokt av mjøl poteter kjøt og noko kjøtfeit. Denne matretten er ikkje brukt no, men inntil for ca 40 år sia var den almindeleg mat gravøl. Siste gong eg åt pylse var i gravtil Stava-Marta i 1908.

Etter kyrkjferdi fekk folket sēg eit mål kakemat i ei stova i nerheita kyrkja.

Øl eller anna akohol hev ikkje vore brukt i gravøl so seint eg minnest. Men inntil for 60 år sia var det ikkje sjeldan at det vart brukt.

Gravøl som varde fleire dagar er det ingen som veit om her.

No er skikken at etter likferdi på kyrkjegarden vert folket innbedd på bedehuset på kake og kaffi

Og averter dødsfall i aviser hev brukt ca 30 år.

Spesiel mat på 17de mai er ikkje brukt.

Morsdag og farsdag er noko som prestar og aviser hev agitert for i seinare år. Nokon spesiel matsetel er vist ikkje opfunnen. Det er heller ikkje almindeleg høgtida endå.